



Møre og Romsdal fylke



Volda vidaregåande skule
Utdanningsprogram for ST/MD/MK/SA

Dykkar ref.:

Dykkar dato:

Vår ref.:
VVG /

Vår saksbehandlar:
OseLi

Vår dato:
juli 2009

VAL AV FRAMANDSPRÅK TIL Vg1 STUSP1 OG MDMDD1.

Engelsk er obligatorisk for alle på grunnkurs STUSP1 og MDMDD1. I tillegg skal elevane ha eit framandspråk, der skulen har 5 tilbod:

1. Tysk I Begynnarkurs.
2. Tysk II Vidaregåande kurs i tysk for elevar som har hatt fullt tysk-kurs i ungdomsskulen.
3. Spansk I Begynnarkurs.
4. Spansk II Vidaregåande kurs i spansk for elevar som har hatt fullt spansk-kurs i ungdomsskulen.
5. Fransk I Begynnarkurs.

Elevar som har hatt fullt kurs i framandspråk på ungdomsskulen, kan velje å:

- halde fram på nivå II i sitt fag. Dette kurset går over to år (4 + 4 t/v). Skulen vil råde til at alle som har rimeleg god karakter i nivå I frå ungdomsskulen, vel nivå II. Ved plassmangel vil elevar som er kvalifiserte til nivå II og som vel nivå I i eit nytt språk, bli plasserte på nivå II. Nokre elevar ved Ørsta Ungdomsskule har hatt fransk i 3 år, men skulen har dessverre ikkje ressursar til å opprette ei gruppe i Fransk II til desse.
- ta nytt språk nivå I over to år (4 + 4 t/v).

Elevar som ikkje har hatt fullt kurs i framandspråk, **må** ta nivå I og nivå II **over tre år**.

Skulen tek atterhald om at alle grupper vil verte sett i gong, eller at det er plass til alle på dei gruppene det er ønske om. I tilfelle det er for mange på ei gruppe, vil utveljing skje etter inntakspoeng.

Skulen vil ha opplysning om kva kurs du ønskjer som framandspråk. Vi bed deg difor fylle ut slippet nedanfor og sende han til skulen, eller du kan sende svaret på epost til skulen ved lisbet.ose@mrfylke.no, fristen er innan 27.07.09

klipp her ✂ eller gi svar på epost. Hugs namnet ditt og kva utdanningsprogram du har kome inn på.

SVARSLIPP FOR VAL AV FRAMANDSPRÅK PÅ Vg1 STUSP1 og MDMDD1.

Namn: **STUDIERETNING:**

Eg har hatt nivå I i 3 år i ungdomsskulen: **Språk:** _____

Eg har ikkje hatt framandspråk i ungdomsskulen

Eg ønskjer tysk I: **set kryss**

Eg ønskjer tysk II: **set kryss**

Eg ønskjer spansk I: **set kryss**

Eg ønskjer spansk II: **set kryss**

Eg ønskjer fransk I: **set kryss**

Postadresse/

Besøksadresse:

Telefon:

Telefaks:

E-post:

Web:

Vevendelvegen 35
6100 Volda

70059300

70059350

volda.vgs@mrfylke.no

www.volda.vgs.no